

Alpinkomiteen@

Sakshand.: AH/ YT

Dato: 23.04.2016

Arkivk.: ak/møter/protokoll/15-17

PROTOKOLL MØTE NR. 04 I ALPINKOMITEEN, 2015-2017

Stad: Skei, Thon Jølster Hotell
Tidspunkt: Torsdag 20. april, kl. 18.00-21.00

Sakliste

REFERATSAKER

- | | |
|---------------------|--|
| SAK 39 15-17 | Godkjenning av innkalling sakliste |
| SAK 40 15-17 | Godkjenning av protokoll frå møte nr. 03 15-17 i AK |
| SAK 41 15-17 | Protokoll frå møte nr. 02 15-17 i Skikrinsstyret |
| SAK 42 15-17 | Protokoll frå møte nr. 03 15-17 i Skikrinsstyret |

RAPPORTERING

SAK 43 15-17 Rekneskapsrapport pr. 13.04.2016

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

- | | |
|---------------------|--|
| SAK 44 15-17 | Generell evaluering av sesongen 2015-2016 |
| SAK 45 15-17 | Evaluering av fellesopplegg – Telenorleikane 2016 |
| SAK 46 15-17 | Evaluering av fellesopplegg – Hovudlandsrennet 2016 |
| SAK 47 15-17 | Evaluering av sonetreningar, vinteren 2016 |
| SAK 48 15-17 | Fjord1 samlingar 2016-2017 |
| SAK 49 15-17 | Handlingsplan 2015-2016 |
| SAK 50 15-17 | Terminliste 2016-2017 |
| SAK 51 15-17 | Vårmøtet, 09. juni 2016 |

ORIENTERINGSSAKER

EVENTUELTT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Atle Hamar (s)
Leiar AK

Per Asbjørn Felde (s)
Referent

TIL STADES: Atle Hamar, Per Lambrechts og Per Asbjørn Felde.

FORFALL: Rune Espe og Hege Venes.

MERKNADER: Yngve Thorsen (adm. deltok i delar av møtet).

REFERENT: Per Asbjørn Felde

REFERATSAKER

SAK 39 15-17

Godkjenning av innkalling sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste m/ vedlegg er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 40 15-17

Godkjenning av protokoll frå møte nr. 03 15-17 i AK

Bakgrunn

Protokoll nr. 03 15-17 frå møte i alpinkomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner protokoll nr. 03 15-17.

SAK 41 15-17

Protokoll frå møte nr. 02 15-17 i Skikrinsstyret

Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 02 15-17 i Skikrinsstyret er vedlagt.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek protokollen til orientering.

SAK 42 15-17

Protokoll frå møte nr. 03 15-17 i Skikrinsstyret

Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 03 15-17 i Skikrinsstyret er vedlagt.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek protokollen til orientering.

RAPPORTERING

SAK 43 15-17

Rekneskapsrapport pr. 13.04.2016

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 13.04.2016 er vedlagt.

Rapporten vart lagt fram av adm. i samband med utvida møte i Skikrinsstyret.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek rapporten til orientering.



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 44 15-17

Generell evaluering av sesongen 2015-2016

Bakgrunn

Komiteen evaluerte sesongen på følgjande område:

- Arrangement/ terminliste:
AK er nøgd med at alle arrangement og renn vart avvikla. Ein del renn vart tidleg i sesongen flytta, men tal terminfesta renn vart avvikla. Unntaket er dag 2 og 3 av meisterskapsamlinga i Førde.
- Fjord1 samlingar 2016:
 - Kvitrøn, januar. God samling. Gode forhold.
 - Jølster/ Førde, februar. Meisterskapsamling U-14/ U-16. Denne hadde ein god super-g trening fredag på Jølster. Laurdag måtte ein avbryte storslalom trening i Førde grunna mykje snø, og slalom søndag vart avlyst av same årsak.
- Renndeltaking på krinsrenn:
AK er uroa over at tal deltakarar på krinsrenn i snitt er på veg nedover. Sein oppstart i mange anlegg kan vere ei medvirkande årsak, men alle klubbar må gjere ein innsats på «grasrotnivå» for å få med å få med fleire under 10 år på trening.
- Sportslege resultat:
Gjennom sesongen har ein del utøvarar hevda seg særdeles godt på nasjonale renn, særleg på FIS-nivå.
U14 og U16 presterar jevnt over godt, med nokre topp-plasseringar. U12 og yngre har ein særleg på slutten av sesongen mange svært gode resultat. Dette viser at vi gjer mykje riktig i krinsen.
- Rekruttering:
Her har vi eit viktig arbeid framfor oss. Nokre klubbar greier å rekruttere nye, men særleg i Nordfjord slit ein med rekrutteringa. Alle klubbar må arbeide aktivt for å få med fleire inn i løypene. Men det er minst like viktig å få med dei nye foreldrene inn i miljøet. Prøve å få nye utøvarar med på eit og anna renn ved å lage ei sosial ramme rundt.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og legg evalueringa til grunn i den vidare planlegginga av sesongen 2016-2017.

SAK 45 15-17

Evaluering av fellesopplegg – Telenorleikane 2016

Bakgrunn

Telenorleikane gjekk av stabelen i Meråker i perioden 10.-13. mars 2016. Frå Sogn og Fjordane deltok 10 utøvarar.

Komiteen evaluerte Telenorleikane 2016 på følgjande punkt;

- Sportslege resultat:
Beste resultat var ein 9. plass på super-g av Trym D. Lødøen (Haugen IL). Men tek ein med enkelt omgangar så var det mange som presterte godt.



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Disiplinen ein har størst potensiale for framgang, må nok kunne seiast er fart, og då særleg i flate parti.

- Sportsleg opplegg:
I forkant var trening med Møre og Romsdal og tidsplan klarlagt. Men det meste av tidskjemaet vart «endevendt», så særleg jentene fekk lange dagar med venting. Ser i ettertid at vi skulle ha hatt med eigen staur slik at dei kunne utnytta tida betre når det var endringar. Skulle også teke video av slalåmen, då vi hadde ein tvilsom disk her. Ein meir bestemt rollefordeling slik at alle foreldrene bidrar under renna er og noko vi tek med oss.
- Logistikk (informasjon, overnatting, transport m.m.):
Seksess med fellestransport, berre positivt frå utøvarar og foreldre. Innkvartering var dyr, men veldig sentral, god plass og god standard.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

SAK 46 15-17

Evaluering av fellesopplegg – Hovudlandsrennet 2016

Bakgrunn

Hovudlandsrennet i alpint vart avvikla på Bjarli i perioden 15.-20. mars 2016. Frå Sogn og Fjordane deltok 10 utøvarar.

Komiteen evaluerte Hovudlandsrennet 2016 på følgjande punkt;

- Sportslege resultat:
Fleire gode resultat, Reiel Felde (BBIL) hadde nok dei beste samla sett. Men også her var det fleire som hadde gode omgangar og når ein ser på årgangen utøvarane tilhører, så er her mange gode prestasjoner.
- Sportsleg opplegg:
Godt og velfungerande opplegg. Det var ordna med trening i forkant og Even Hole deltok under fartsdelen. Spesielt gode tilbakemeldingar på video, gjennomgang av teknikk, synfaring og gjennomgang av treningsomgangar. Laga eige prepperom!
- Logistikk (informasjon, overnatting, transport m.m.):
Transport var med privatbilar. Overnattinga var ikkje optimal. Det viser seg at pris ikkje alltid er det viktigaste. Hems er ikkje eigna som overnatting når ein er på meisterskap ei heil veke. Vart då for lite sengeplassar.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

SAK 47 15-17

Evaluering av sonetreningar, vinteren 2016

Bakgrunn

Krinstrenar i alpint, Even Hole, har gjennomført følgjande sonetreningar vinteren 2016:

Sunnfjord:

- Sunnfjord Skisenter, 07. januar 2016
- Jølster Skisenter, 25. januar 2016
- Sunnfjord Skisenter, 19. februar 2016

Sogn:

- Sogndal Skisenter, 20. januar 2016
- Sogn Skisenter, 11. februar 2016
- Sogndal Skisenter, 02. mars 2016

Nordfjord

- Jølster Skisenter, 13. januar 2016
Denne samlinga skulle opphaveleg avviklast ved Harpefossen Skisenter. Men därlege snøtilhøve i Nordfjord medførte at samlinga vart flytta til Jølster Skisenter.
- Stryn Skisenter, 04. februar 2016.
Samlinga vart avlyst grunna Olaf Betten si gravferd.
- Breimsbygda Skisenter, 24. februar 2016
- Harpefossen Skisenter, 16. mars 2016
Samlinga vart ikkje gjennomført fordi Even Hole var hovudleiar for fartsdelen i samband med Hovudlandsrennet på Bjorli.

I tillegg gjennomførte krinstrenar ei rekke barmarkssamlingar sommaren og hausten 2016.

Komiteen evaluerte sonetreningane med Even med følgjande punkt;

- Sonetreningane i Sogn og Sunnfjord gjekk som planlagt.
Eine samlinga i Nordfjord (Harpefossen) vart flytta til Jølster, medan samlinga i Stryn vart avlyst grunna Olaf Betten si gravferd. I ettertid vart det sett opp nytt tidspunkt for samling på Harpefossen, men denne kolliderte med Hovudlandsrennet på Bjorli.
- Justere opp innslagspunktet til U12. (og eldre)
- Prøve å legge treningane til rennfrie helgedagar, men ha reservedagar i vekene der klubbane kjem med forslag på ønska vekedag.
- Viktig å trenne element: start, hockey, gli og «pumping/ jobbing».

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å vurdere ei justering av modellen for sonetreningane vinterstid.

Aktuell modell for sesongen 2016-2017 kan vere å legge til rette for eit opplegg som i større grad er basert på aktivitet laurdagar og søndagar.

Desse treningane må i så fall approberast i alpinkomiteen si terminliste for kommande sesong (herunder samordning med aktuelle krinsrenn samt nasjonalerenn og meisterskap).

Innslagspunktet for treningane er U12 (og eldre.....)

Følgjande personar får ansvar for å utarbeide ein justert modell for treningsamlingane vinterstid; Per Lambrechts og Per Asbjørn Felde.

Aktuell modell skal avklara med Even Hole.

Ein gjer vidare vedtak om at Even Hole skal vere hovudtrenar i samband med lokal fartssamling vinteren 2016-2017. Elles må ein setje av fleire aktuelle helgar til fartstrenin, med bakgrunn i evt. flytting av tidspunkt grunna dårleg vær- eller snøtilhøve.

SAK 48 15-17

Fjord1 samlingar 2016-2017

Bakgrunn

Leiar i alpinkomiteen legg saman med adm. sjef og krinstrenar fram følgjande rammer for samlingsplan kommande sesong:

Månad	Dato	Ski	Barmark	Kvar	Trenar	Merknad
April	08.-09./04	2 dagar		Jølster	Even Hole	
Mai		3 dagar		Jølster	Even Hole	
Mai			2 dagar	Førde	Even Hole	Program, Iron-Man
Juni	10.-12./06	3 dagar		Juvass	Even Hole	Evt. ARAN
August			2 dagar	Sandane	Even Hole	
August	19.-21./08	3 dagar		Juvass	ARAN	2 trenarar
September	16.-19./09	4 dagar		Juvass	ARAN	2 trenarar
September			2 dagar	Sandane	Even Hole	
Oktober	09.-15./10	7 dagar		Hintertux	ARAN	2 trenarar
Oktober			2 dagar	Førde	Even Hole	Iron-Man
November			2 dagar	Sandane	Even Hole	
November	24.-27./11	4 dagar		Kvitfjell	ARAN	3 trenarar
Januar	05.-08./01	4 dagar		Hafjell	ARAN	3 trenarar
Februar	02.-05/02	4 dagar		Sogn og Fj.	ARAN/ Even Hole	1 trenar ARAN + Even Hole
SUM		34 dagar	10 dagar			

Komiteen må vere merksame på at barmarkssamlingane ikkje er tidfesta p.t.

VEDTAK

Alpinkomiteen vedtek samlingsplanen slik den føreligg med følgjande kommentarar/ endringar:

- Skisamlinga i mai vert endra til ei to-dagars samling. Aktuell dato er 30.04-01.05 eller 07.05-08.05. Even Hole må avklare dato.
- Skisamlinga i august vert endra til 12.08-14.08 (før skulestart).
- Ein bør kontakte klubbane på Sunnmøre om evt interesse for å delta i Hintertux,, og også evt på ARAN samlingar, grunna få utøvarar.
- Even må fastsette aktuelle datoar for barmark.

SAK 49 15-17**Handlingsplan 2015-2016****Bakgrunn**

Viser til vedtak og saksutgreiing i Sak 49 15-17 og Sak 54 15-17 frå møte i Skikrinsstyret.

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at greinkomiteane definerar ansvarsområde på overordna- og tiltaksnivå i gjeldande handlingsplan. Tiltaket skal følgjast opp ifbm. neste møte i respektiv komité.

Handlingsplan 2015-2016 er vedlagt.

VEDTAK

Komiteen fekk ikkje tid til å handsame saka,, men Atle utarbeider eit forslag til ansvarsfordeling vedrørande handlingsplanen. Forslaget vert sendt komiteen.

SAK 50 15-17**Terminliste 2016-2017****Bakgrunn**

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Vårmøtet 2016 skal avviklast på Skei v/ Thon Jølster Hotell.

I samband med møtet skal komiteen legge fram rammer for Terminliste Alpink 2016-2017.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjør vedtak om at følgjande føringar skal leggast til grunn ved utarbeidning av Terminliste Alpink 2016-2017:

- Alle klubbar som ynskjer å arrangere renn skal få tilbod via e-post.
- Om vær og forhold tilseier at vi må flytte på fartsrenn så gjer ein dette.
- Utnytte ledige helgedagar til sonetreiningar med Even Hole.
- Legge «julerennet» inn i terminlista.
- Vårmøte skal diskutere kvalik- reglane til HL/ LF; tal renn i kvar disiplin og korleis ein skal telje poeng (heile renn eller omgangar).
- Opprette dialog med Hordaland og Møre og Romsdal om eit eventuelt samarbeid på felles kvalik.- renn (ei helg). Arrangementet skal evt. terminfestast. Atle tek seg av kontakten.
- Per Asbjørn Felde skal bistå adm. i arbeidet med terminlista.

SAK 51 15-17**Vårmøtet, 09. juni 2016****Bakgrunn**

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Vårmøtet 2016 skal avviklast 09. juni på Skei v/ Thon Jølster Hotell.

Alpinkomiteen fastset sakliste for møtet.

I samband med Vårmøtet 2015 la ein til grunn følgjande sakliste:

- 1) Godkjenning av innkalling og sakliste
- 2) Utdanning/ Trenarløypa v/ Einar Witteveen
- 3) Evaluering av sesongen 2014-2015
- 4) Sportsleg opplegg sesongen 2015-2016
- 5) Rammer for Terminliste Alpint 2015-2016
- 6) Økonomi/ marked

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste i samband med Vårmøtet 2016:

- 1) Godkjenning av innkalling og sakliste
- 2) Evaluering av sesongen 2015-2016
- 3) Sportsleg opplegg sesongen 2016-2017
- 4) Rammer for Terminliste Alpint 2016-2017
- 5) Økonomi / marknad
- 6) Eventuelt

ORIENTERINGSSAKER

EVENTUELTT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Atle Hamar (s)
Leiar AK

Per Asbjørn Felde (s)
Referent



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Vedlegg SAK 40 15-17 Godkjenning av protokoll frå møte nr. 03 15-17 i AK

Alpinkomiteen@

Sakshand.: AH/ YT

Dato: 02.12.2015

Arkivk.: ak/møter/protokoll/15-17

PROTOKOLL MØTE NR. 03 I ALPINKOMITEEN, 2015-2017

Stad: Skei, Thon Jølster Hotell
Tidspunkt: Onsdag 02. desember, kl. 18.00-21.00

Sakliste

REFERATSAKER

- SAK 23 15-17** Godkjenning av innkalling sakliste
SAK 24 15-17 Godkjenning av protokoll frå møte nr. 02 15-17 i AK
SAK 25 15-17 Referat frå Haustmøtet 27.10.2015
SAK 26 15-17 Protokoll frå møte nr. 01 15-17 i utd.- og utviklingskomiteen

RAPPORTERING

- SAK 27 15-17** Rekneskapsrapport pr. 15.11.2015

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

- SAK 28 15-17** Evaluering av Fjord1 samlingane 2015
SAK 29 15-17 Fastsettjing av treningsavgift for Fjord1 samlingane i 2016
SAK 30 15-17 Prosjekt krinstrenar: Plan for sonetrening vinteren 2016
SAK 31 15-17 Handlingsplan 2015-2016
SAK 32 15-17 Fylkeskort for aktive alpinistar
SAK 33 15-17 Hovudlandsrennet 2016 – hovudleiar
SAK 34 15-17 Telenorleikane 2016 – hovudleiar
SAK 35 15-17 Oppf. av arbeid med kvalifiseringstabell til Hovudlandsrennet og Telenorleikane 2016

ORIENTERINGSSAKER

- SAK 36 15-17** Terminliste Alpint 2016

EVENTUELTT

- SAK 37 15-17** Bruk av kortstaur på krinsarrangement t.o.m. klasse U12
SAK 38 15-17 Vårmøtet Alpint NSF/ Skitinget 2016



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

TIL STADES: Atle Hamar, Per Lambrechts, Per Asbjørn Felde, Hege Venes,
og Yngve Thorsen (adm.)

FORFALL: Rune Espe

MERKNADER:

REFERENT: Yngve Thorsen

REFERATSAKER

SAK 23 15-17 **Godkjenning av innkalling sakliste**

Bakgrunn

Innkalling og sakliste m/ vedlegg er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 24 15-17 **Godkjenning av protokoll frå møte nr. 02 15-17 i AK**

Bakgrunn

Protokoll nr. 02 15-17 frå møte i alpinkomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner protokoll nr. 02 15-17.

SAK 25 15-17 **Referat frå Haustmøtet 27.10.2015**

Bakgrunn

Referat frå Haustmøtet 2015 er vedlagt.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek referatet frå Haustmøtet til orientering.

SAK 26 15-17 **Protokoll frå møte nr. 01 15-17 i utd.- og utviklingskomiteen**

Bakgrunn

Protokoll nr. 01 15-17 frå møte i utd.- og utviklingskomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek protokollen til orientering.

RAPPORTERING

SAK 27 15-17

Rekneskapsrapport pr. 15.11.2015

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 15.11.2015 er vedlagt.

Adm. la fram rapporten m/ prognose for 2015.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek rapporten til orientering.

Alpinkomiteen gjer vidare vedtak om å gjennomføre ei «e-postrunde» vedr. handsaminga av budsjettet for 2016.



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Forøvrig skal rammene for budsjettet til komiteen handsamast i Skikrinsstyret mandag 07. desember 2015.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 28 15-17

Evaluering av Fjord1 samlingane 2015

Bakgrunn

Komiteen evaluerte Fjord1 samlingane på følgjande punkt:

- Fjord1 Juvass, juni 2015
- Fjord1 barmark m/ Even Hole
- Fjord1 Kvifjell, november 2015
- Godt sportsleg opplegg både på barmark og ski
- Trenarressursar (ARAN, Even Hole, og øvrige lokale trenarar)

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at Rune Espe (sportsleg leiar i komiteen) følgjer opp prisane på heiskort for foreldre/føresette i samband med samlingane på Kvifjell/ Hafjell.

SAK 29 15-17

Fastsetjing av treningsavgift for Fjord1 samlingane i 2016

Bakgrunn

Ref. tidlegare drøftingar i komiteen vedr. evt. auke i treningsavgift for Fjord1 samlingane i 2016.

Alpinkomiteen har sett seg som mål å auke dei økonomiske marginane knytt til komiteen si totale verksemd.

Fjord1 samlingane har i stor grad vore subsidiert gjennom komiteen sine markedsavtalar (Fjord1, Coop Vest SA og Frydenbø AS). På den andre sida har ein over tid sett at kostnadsnivået har auka gradvis, utan at ein har endra nivået på treningsavgiftene. Dette gjeld spesielt treningsavgiftene knytt til samlingane der ein samarbeider med ARAN.

I samband med ARAN-samlingane er treningsavgifta i dag kr. 350,- pr. pers. pr. treningsdag, medan ein på barmarksamlingane har ei treningsavgift på mellom kr. 100,- og kr. 200 pr. dag (inkl. måltider og overnatting). Dvs. at også barmarksamlingane er svært godt subsidierte gjennom avtalane med Sparebanken Vest, Fjord1, Coop Vest SA og Frydenbø AS.

Ved samlinga som til dømes vart gjennomført på Kvifjell i november så betalar ein kr. 5 750,- pr dag pr. trenar frå ARAN. Dvs. at totalkostnaden er kr. 69 000,- for ei fire-dagars samling med tre trenarar.

Ved ei treningsavgift på kr. 350,- pr. utøvar pr. dag får ein dermed totale inntekter på ca. kr. 60 000,- med eit deltakartal på 45 utøvarar.

Samanlikna med komiteen si omsetjing, så har ein dei siste åra hatt svært små økonomiske marginar, difor må komiteen vurdere å auke treningsavgifta noko i samband med samlingane i 2016.

Ved ei auke i treningsavgifta til kr. 390,- pr. dag så vil komiteen i dei fleste høve klare å balansere samlingane økonomisk, og dermed også skape større økonomiske marginar.

Ei evt. auke i treningsavgifta må vurderast i høve til komiteen sitt øvrige rekrutteringsarbeid i krets og klubb.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om å auke treningsavgifta i samband med Fjord1 samlingane med ARAN til kr. 390,- pr. utøvar pr. dag f.o.m. sesongen 2016/ 2017.

Treningsavgifta i samband med Fjord1 barmarkssamlingane skal vere som tidlegare, dvs. kr. 100,- – kr. 200,- pr. utøvar pr. dag (inkl. måltider og overnatting).

SAK 30 15-17

Prosjekt krinstrenar: Plan for sonetrening vinteren 2016

Bakgrunn

Med bakgrunn i Even Hole sin arbeidsavtale med Sogn og Fjordane Skikrins, samt vedtak i Sak 14 15-17 har ein følgjande framlegg om sonetreningar vinteren 2016:

- Sonetrening Sunnfjord:
 - Sunnfjord Skisenter, 07. januar 2016
 - Jølster Skisenter, 25. januar 2016
 - Sunnfjord Skisenter, 19. februar 2016
 - Jølster Skisenter, 07. mars 2016
- Sonetrening Sogn:
 - Hidlekve Skisenter, 20. januar 2016
 - Sogn Skisenter, 11. februar 2016
 - Hidlekve Skisenter, 02. mars 2016
- Sonetrening Nordfjord:
 - Harpefossen Skisenter, 13. januar 2016
 - Stryn Skisenter, 04. februar 2016
 - Breimsbygda Skisenter, 24. februar 2016
 - Harpefossen Skisenter, 16. mars 2016

Aktuelle treningar for april og mai vert planlagt på eit seinare tidspunkt.

For øvrig har ein også fått innspel om at det bør leggast til rette for sonetrening i Hornindal Skisenter (i samarbeid med Ørsta-/ Volda Alpin)

VEDTAK

Alpinkomiteen vedtek planen slik den føreligg. I tillegg skal ein vurdere å legge til rette for trening i Hornindal Skisenter (i samarbeid med Ørsta- Volda Alpin og Hornindal IL) vinteren 2016.



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

SAK 31 15-17

Handlingsplan 2015-2016

Bakgrunn

Ref. vedtak i Sak 16 15-17.

Utgangspunkt for handlingsplan 2015-2016 er vedlagt.

Ein legg opp til at arbeidet med planen skal ferdigstilla i møtet.

VEDTAK

Alpinkomiteen vedtek Handlingsplan 2015-2016 utarbeida i møtet.

SAK 32 15-17

Fylkeskort for aktive alpinistar

Bakgrunn

I samband med komiteen sitt Haustmøte 2015 kom det framlegg om at alpinkomiteen bør arbeide for å få på plass eit «fylkeskort» (heiskort) for aktive alpinistar.

Jamfør drøftingar på Haustmøtet er dette eit konkret framlegg som vil gjere alpinsporten noko økonomisk rimlegare å utøve.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om å:

- 1) Kontakte SkiData for å kartlegge standard for heiskortsystem i Sogn og Fjordane.
- 2) Etter tilbakemelding frå SkiData sender komiteen eit skriv til anleggseigarane med oppmoding om fast pris for rennkort i Sogn og Fjordane.
- 3) Vidare skal alpinkomiteen oppmode anleggseigarane om å vere med i ein prosess knytt til etablering av eit *Fylkeskort* for aktive alpinistar. Ei evt. oppmoding til anleggseigarane vil vere avhengig av tilbakemelding frå SkiData.

SAK 33 15-17

Hovudlandsrennet 2016 – hovudleiar

Bakgrunn

Hovudlandsrennet i alpint vert avvikla på Bjarli i perioden 15.-20. mars 2016.

Komiteen oppnemmer hovudleiar for Sogn og Fjordane Skikrins.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer følgjande vedtak:

- 1) Even Hole er hovudleiar for fartsdelen.
- 2) Atle Hamar er hovudleiar for dei tekniske disiplinane.

SAK 34 15-17**Telenorleikane 2016 – hovudleiar****Bakgrunn**

Telenorleikane i alpint vert avvikla i Meråker i perioden 09.-13. mars 2016.

Komiteen oppnemmer hovudleiar for Sogn og Fjordane Skikrins.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om at Per Lambrechts og Per Asbjørn Felde skal vere hovudleiarar.

SAK 35 15-17**Oppf. av arbeid med kvalifiseringstabell til Hovudlandsrennet og Telenorleikane 2016****Bakgrunn**

Jamfør Sogn og Fjordane Skikrins sine kvalifiseringsreglar for pulje-plassering av løparar til Hovudlandsrennet og Telenorleikane i 2016, skal to av komiteen sine medlemmer syte for utrekning og ajourføring av kvalifiseringstabell.

VEDTAK

Komiteen gjer vedtak om at Per Asbjørn Felde og Hege Venes skal utføre arbeidet med utrekning og ajourføring av kvalifiseringstabell i 2016.

ORIENTERINGSSAKER**SAK 36 15-17****Terminliste Alpint 2016****Bakgrunn**

Terminliste Alpint 2016 vart handsama i samband med Haustmøtet 27. oktober 2015.

Etter innspel frå Haustmøtet er terminlista justert på følgjande punkt jamfør e-post til komiteen d.s. 05. november 2115.

- 1) Arrangementet på Hafslø 10. januar vert approbert som planlagt. Luster Telemark og NSF har utsett NC og landslagssamling til helga etter, 16.-17. januar.
- 2) KM på Utviken (opphaveleg terminfesta 13.-14. feb.) er flytta til 27.-28. februar grunna kollisjon med Poka Loka.
- 3) Arrangementa i Førde og Stryn som opphaveleg var planlagt 27.-28. februar er flytta til 13.-14. februar.
- 4) Førde IL var sett opp med to kvalik. renn i SL 27. februar, i nytt framlegg til terminliste står dei no oppført med ett renn i SL 13. februar.
- 5) Stryn T&IL var i utgangspunktet ikkje sett opp med kvalik. renn, men eit ordinært krinsrenn i SSL. Etter innspel frå Haustmøtet er dei no sett opp med kvalik. renn 14. februar, og for å få tal renn til å gå opp med kvalik. reglementet får dei no ett arrangement i SL.

Komiteen har tidlegare godkjent endringane pr. e-post, og terminlista er dermed å sjå på som vedtatt.



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

VEDTAK

Komiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at Terminliste Alpint er godkjent slik den føreligg.

EVENTUELTT SAK 37 15-17

Bruk av kortstaur på krinsarrangement t.o.m. klasse U12

Bakgrunn

Leiar i komiteen fremmar forslag om at fleire arrangørar av alpin-arrangement i Sogn og Fjordane bør legge til rette for arrangement med kortstaur t.o.m. klasse U12 (slalåm).

Bakgrunn for framlegget er knytt til at det vert nytta kortstaur på *Bendit* og *Donald Duck* i Hemsedal. I tillegg har skiforbundet oppmoda laga om å legge til rette for arrangement med kortstaur for nemnde aldersgrupper.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om at ein ved krinsrenn i slalåm skal oppmøde laga om å legge til rette for ei løype med kortstaur t.o.m. klasse U12.

SAK 38 15-17

Vårmøtet Alpint NSF/ Skitinget 2016

Bakgrunn

Norges Skiforbund skal avvikle Vårmøter og Skitinget 2016 i Trondheim 25.-29. mai.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om at Atle Hamar og Hege Venes er utsendingar til Norges Skiforbund sitt Vårmøte Alpint i Trondheim.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Atle Hamar (s)
Leiar AK

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Vedlegg SAK 41 15-17 Protokoll frå møte nr. 02 15-17 i Skikrinsstyret

Skikrinsstyret @

Sakshand.: YT/IF

Dato: 08.12.2015

Arkivk.: styret/møter/protokoll/15-17

PROTOKOLL MØTE NR. 02 I SKIKRINSSTYRET, 2015-2017

Stad: Skei, Thon Jølster Hotell
Tidspunkt: Måndag 07. desember 2015, kl. 17.00-21.00

Sakliste

REFERATSAKER

- | | |
|---------------------|--|
| SAK 15 15-17 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| SAK 16 15-17 | Godkjenning av protokoll nr. 01 15-17 frå møte i Skikrinsstyret |
| SAK 17 15-17 | SFSK AK protokoll nr. 02 15-17 |
| SAK 18 15-17 | SFSK AK referat Haustmøtet 27.10.2015 |
| SAK 19 15-17 | SFSK LK protokoll nr. 01 15-17 |
| SAK 20 15-17 | SFSK LK protokoll nr. 02 15-17 |
| SAK 21 15-17 | SFSK LK referat Haustmøtet 27.10.2015 |
| SAK 22 15-17 | SFSK HKK protokoll nr. 01 15-17 |
| SAK 23 15-17 | SFSK HKK protokoll nr. 02 15-17 |
| SAK 24 15-17 | SFSK utd.- og utviklingskomiteen protokoll nr. 01 15-17 |

RAPPORTERING

- | | |
|---------------------|--|
| SAK 25 15-17 | Rekneskapsrapport pr. 15.11.2015 |
| SAK 26 15-17 | Skriftleg rapportering frå greinkomitèane |

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

- | | |
|---------------------|---|
| SAK 27 15-17 | Budsjett 2016 |
| SAK 28 15-17 | Team Veidekke Vest |
| SAK 29 15-17 | Ski i Skulen 2016 |
| SAK 30 15-17 | Vårmøtet 2016 |
| SAK 31 15-17 | Fakkelturmarkering i Stryn |
| SAK 32 15-17 | Handlingsplan 2015-2016 |
| SAK 33 15-17 | Kartlegging universell utforming |

ORIENTERINGSSAKER

- | | |
|---------------------|--|
| SAK 34 15-17 | Status prosjekt «krinstrenar alpint» v/ Even Hole |
| SAK 35 15-17 | Status markedsarbeid i SFSK |
| SAK 36 15-17 | Ski- og snøsamlingar for funksjonshemma 2016 |
| SAK 37 15-17 | Tilhengar Sogn og Fjordane Skikrins |

EVENTUELTT



SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

TIL STADES: Inge Fænn, Finn Årdal, Reidun Hegrenes Hallvard Nygård, Atle Hamar, Arthur Hegrenes, Gunnar Fannemel og Yngve Thorsen (adm.).

FORFALL: Arthur Hegrenes og Asle Sande

MERKNADER: Even Hole deltok i møtet i samband med Sak 34 15-17.

REFERENT: Yngve Thorsen

REFERATSAKER

SAK 15 15-17

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 16 15-17

Godkjenning av protokoll nr. 01 15-17 fra møte i Skikrinsstyret

Bakgrunn

Protokoll fra styremøte nr. 01 13-15 er sendt ut på førehand.

Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 01 15-17.

SAK 17 15-17

SFSK AK protokoll nr. 02 15-17

Bakgrunn

Protokoll fra møte nr. 02 15-17 i alpinkomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 18 15-17

SFSK AK referat Haustmøtet 27.10.2015

Bakgrunn

Referat fra alpinkomiteen sitt Haustmøte 27.10.2015 er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek referatet til orientering.

SAK 19 15-17

SFSK LK protokoll nr. 01 15-17

Bakgrunn

Protokoll fra møte nr. 01 15-17 i langrennsskomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 20 15-17**SFSK LK protokoll nr. 02 15-17****Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 02 15-17 i langrennkomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 21 15-17**SFSK LK referat Haustmøtet 27.10.2015****Bakgrunn**

Referat frå langrennkomiteen sitt Haustmøte 27.10.2015 er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek referatet til orientering.

SAK 22 15-17**SFSK HKK protokoll nr. 01 15-17****Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 01 15-17 i hopp- og kombinertkomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 23 15-17**SFSK HKK protokoll nr. 02 15-17****Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 02 15-17 i hopp- og kombinertkomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 24 15-17**SFSK utd.- og utviklingskomiteen protokoll nr. 01 15-17****Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 01 15-17 i utd.- og utviklingskomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

RAPPORTERING**SAK 25 15-17****Rekneskapsrapport pr. 15.11.2015****Bakgrunn**

Rekneskapsrapport pr. 15.11.2015 er vedlagt.

Adm. presenterte rapporten.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek sak til orientering.

SAK 26 15-17**Skriftleg rapportering frå greinkomitèane****Bakgrunn**

Alle greinkomiteane leverar skriftleg rapport i framkant av møtet.

Frist for levering av rapport er mandag 07. desember, kl. 12.00.



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

I framkant av møtet leverte følgjande greinkomitear rapport til Skikrinsstyret:

- hopp- og kombinertkomiteen

Alpin- og langrennskomiteen leverte ikkje rapport pr. 07. desember 2015.

VEDTAK

Skikrinstyret tek saka til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 27 15-17

Budsjett 2016

Bakgrunn

Framlegg til budsjett for 2016 er vedlagt.

Adm. presenterte framlegg til rammer for skikrinsen sine budsjett.

Administrasjonen sitt framlegg til budsjett for 2016 balanserer, med årsbudsjetterte driftsinntekter på kr. 3 325 500,- og årsbudsjetterte driftskostnader på kr 3 325 500,-

Rammene for inntektene er i hovudsak basert på markedsinntekter, lagskontingent (årskontingent), tilskot frå idrettskrins, tilskot frå fylkeskommune, tilskot frå NSF (post 3 midlar), momskompensasjon, rennavgifter samt eigendelar frå løparar/ føresette og klubb.

Administrasjonen ber skikrinsstyret vere merksame på følgjande:

Markedsinntektene til Sogn og Fjordane er budsjettert på same nivå som i 2015.

Alle markedsavtalane til skikrinsen er reforhandla for budsjettåret 2016, med unntak av samarbeidsavtalane med COOP Vest SA og SFE Ein har budsjettert med at desse avtalane vert reforhandla på dagens nivå.

Det er elles budsjettert med post 3-midlar (Norges Skiforbund) på totalt kr 45 000,- fordelt på Rekrutteringsprosjektet (Miljøsamlingane), Integrering, samt kurs og utdanningsverksemد.

Prinsippet med fordelingsnøkkelen knytt til markedsinntektene der 88% av inntektene blir ført vidare til greinkomiteane, medan AU held igjen 12% til eiga drift er lagt til grunn i framlegg til budsjett.

ARBEIDSUTVALET

AU – Drift administrasjon

Markedsinntekter

Samla budsjetterte markedsinntekter i 2015 er kr. 800 000,- etter at meirverdiavgifta er trekt frå samarbeidsavtalane med Sparebanken Sogn og Fjordane og Sparebanken Vest.



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Tilskot frå idrettskrins

Det er budsjettert med kr 90 000,- i tilskot frå idrettskrinsen (fylkeskommunalt tilskot), om lag same nivå som rekneskapstala for 2015 syner.

Lagskontingent

Lagskontingen (årskontingent) er budsjettert ihht. til vedtak i samband med Skikrinstinget 2015, og utgjer samla ca. kr. 214 000,-.

Momskompensasjon

Jf. signal frå Norges Idrettsforbund og retningslinjer for utbetaling av momskompenasjon er denne tilskotsordninga budsjettert med kr. 160 000,- (samla for skikrinsen). Dvs. ca. 5% av sum driftskostnader for organisasjonen.

Det er elles verdt å merke seg at momskompensasjonen er fordelt i høve til prosentvis andel budsjetterte driftskostnader for AU og respektive greinkomitèar. Dette er i høve til Skikrinsstyret sitt vedtak i Sak 06 15-17.

IT kostnader

IT kostnadane er budsjettert med kr 20 000,-, om lag same nivået som rekneskapstala for 2015 syner.

Rekrutteringsprosjekt

I rekrutteringsprosjektet er det budsjettert med sonevise Miljøsamlingar.

Ifbm. Miljøsamlingane er det budsjettert med kr 9 500,- i tilskot til tekniske arrangørar i 2016 m.m.

Det er vidare budsjettert med eit tilskot på kr 15 000,- til rekrutteringsprosjektet frå NSF (post 3 midlar), samt kr. 12 000,- i deltaravgifter.

Funksjonshemma

Innanfor område integrering/ funksjonshemma er det budsjettert med 2 stk. ski- og snoesamlingar som blir gjennomført i lag med NAV Hjelpemiddelsentralen.

Det er verdt å merke seg at det også er budsjettert med eit tilskot frå NSF på kr 15 000,- (post 3-midlar).

Krinstring

SFSK skal ikkje gjennomføre Skikrinsting i 2016.

Styret

I samband med aktiviteten til styret er det budsjettert med kr. 167 625,- i kostnader.



NORGES
SKIFORBUND

SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Kostnadane til styret er i hovudsak knytt til lokale ifbm. møter, telefonmøte, reiserekningar, samt reise og overnatting i samband med sentrale møter (Vårmøte/ Skitinget 2016 og Haustmøte).

Ver merksam på at Skikrinsstyret gjennom sitt budsjett også dekkar reise og overnatting for representantar frå greinkomiteane i samband med Vår- og Haustmøter (i tråd med tidlegare praksis).

Trenarkurs/ utdanning

Innanfor trenarkurs/ utdanning er det lagt opp til eit budsjett i om lag balanse. Inntektene er relatert til vaksenopplæringstilskot, kursinntekter og post 3-midlar, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til kurslærarar, leige av lokale kjøp samt kjøp av kursmateriell m.m.

Ski i skulen

Ved vidareføring av Ski i Skulen 2016 er det m.a. budsjettert med kr. 100 000,- i offentlege tilskot. Dette tilskotet baserar seg på ein utviklingsavtale (eitt-årig) med Sogn og Fjordane Fylkeskommune som utgjer kr. 100 000,- i 2015.

Ein har vidare fått tilsagn om kr. 50 000,- i støtte frå Sparebankstiftinga til prosjektet i 2016.

På kostnadssida er det budsjettert med honorar til instruktørar, reiserekningar og kostnader knytt til busstransport. Ski i Skulen vert i 2016 gjennomført ved 12 skular.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

Prosjekt Telemark

Forventa inntekter og kostnader i dette prosjektet er svært usikkert, men ein har lagt opp til at dette prosjektet skal balansere. Dvs. at inntekter og kostnader skal følgje kvarandre.

ALPINKOMITEEN

Alpinkomiteen sitt budsjett balanserer med kr 1 264 700- i driftsinntekter og kr 1 264 700,- i driftskostnader.

Drift komité

Det er budsjettert med kr. 202 400,- i overføring av markedsinntekter, jf. samarbeidsavtalane med Fjord1, Fyrdenbø AS og COOP Vest SA.

Ver merksam på at det er budsjettert med ein økonomisk bonus frå COOP Vest SA, og at avtalen vert vidareført/ reforhandla i 2016.

Det er også lagt inn kr 23 000,- i lisensar/ rennavgifter. Dette er same nivå som rekneskapstala for 2015 viser.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 220 400,-.



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

NM

Ifbm. NM er det budsjettet med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettet kostnad, kr 5 000,-.

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. – 5 000,-

Jr. NM

Ifbm. NM er det budsjettet med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettet kostnad er kr 5 000,-.

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. – 5 000,-.

HL

På Hovudlandsrennet og Landsfinalen er det budsjettet med reise og overnatting til hovudleiar i tillegg til startkontingent for utøvarane. Det er også budsjettet med forskottering av overnatningskostnader samt refusjon av desse (inntekter).

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. – 50 000,-

Cup

Ifbm. Fjord1 cupen er det budsjettet med kr. 5000,- i annonsering, i tillegg til kr 30 000,- i kjøp av premiar.

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. – 35 000,-

FIS-renn

Til FIS-renna i alpint er det budsjettet at krinsen dekkar startkontingent på 5 FIS-renn for kvar utøvar, i tillegg til FIS-lisensen.

Det er også lagt inn at krinsen forskotterar startkontingent i samband med desse renna.

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. – kr. 10 000,-

Fjord1 samlingar / krinslag

Fjord1 samlingane er budsjettert på om lag same nivå som i 2015.

Det er budsjettet med 6-7 Fjord1 samlingar, og deltakaravgifter på til saman kr 360 000,-.

Vidare er det lagt inn kr. 325 000,- i idrettsfagleg bistand, dette er kostnader knytt til Alpine Race Academy Norge.

Elles har ein budsjettet med mindre bruk av lokale trenarkrefter enn tidlegare år. Dette skyldast i all hovudsak at Even Hole er tilsett som krinstrenar, noko som m.a. medfører at løn- og driftskostnader knytt til lokale trenarkrefter vert redusert. På den andre sida finn ein att desse kostnadane på prosjektet *Krinstrenar Alpint*.

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. – 55 100,-



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Prosjekt krinstrenar

På prosjektet knytt til krinstrenar i alpint er det budsjettert med lønn på kr. 275 000,- (inkl. sosiale kostnader), i tillegg er det budsjettert med øvrige driftskostnader på kr. 13 000,- (reise, tlf. etc.). Prosjektet er i 2016 finansiert gjennom samarbeidsavtalen med Sparebanken Vest, noko som innbefattar

kr. 50 000,- i periodisering frå 2015-2016, kr. 40 000,- i markedsinntekter (inkl. fråtrekk av mva.), samt kr. 100 000,- allemennyttige midlar.

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. - 49 300,-.

Alpinkomiteen

Til møteverksemd i alpinkomiteen er det sett av kr. 11 000,-.

HOPP- OG KOMBINERTKOMITEEN

Hopp- og kombinertkomiteen sitt budsjett balanserer med kr 69 600,- i driftsinntekter og kr 69 600,- i driftskostnader.

Drift komité

Det er budsjettert med kr. 50 000,- i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalen med SFE. Elles er det ein føresetnad at samarbeidsavtalen vert reforhandla i 2016.

I samband med drift av SFE-bakken er det budsjettert med reisekostnader på kr. 8 000,-

Det er også lagt inn kr 2 000,- i lisensar/ rennavigifter.

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. 33 600,-.

Jr. NM

Det er ikkje budsjettert med kostnader i samband med Jr. NM fordi Sogn og Fjordane Skikrins ikkje har utøvarar i denne målgruppa.

HL

Ifbm. Hovedlandsrennet er det budsjettert med kostnader på tilsaman kr. 8 000,-.

Cup

I samband med SFEhopp cup er det budsjettert med reklame og annonsering på kr. 3 750,-, i tillegg til kjøp av premiar på kr. 10 000,- .

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. - 13 750,-

Rekrutteringsprosjekt i hopp – « Fannemel-effekten»

Det er budsjettert med rekrutteringsprosjekt i hopp.

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. - 7 850,-. Evt. ressursar knytt til Sommarhoppsskulen i Bjørkelibakkane er også knytt til dette prosjektet.

Hopp- og kombinertkomiteen

Til møteverksemd i komiteen er det sett av kr. 4 000,-.

LANGRENNSKOMITEEN

Langrennskomiteen sitt budsjett balanserer med kr 1 254 300,- i driftsinntekter og kr 1 254 300,- i driftskostnader.

Drift komité

Det er budsjettert med kr 325 600,- i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalane med Sparebanken Sogn og Fjordane, ByggTeam og SFE.

Vidare er det budsjettert med kr 60 000,- i lisensar/ rennavgifter, noko mindre enn rekneskapstala for 2015 syner.

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. 422 300,-.

NM, jr. NM og HL

Ifbm. NM, jr. NM og Hovudlandsrennet er det budsjettert at ein dekkjer reise- og opphold for støtteapparat og kostnader med smørebed. Det er i tillegg budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa. Det er også budsjettert med eit honorar for hovudleiar.

Årsbudsjettet resultat på desse prosjekta er samla kr – 153 400,-.

Cup/ SSF Cup

Ifbm. SSF Cupen er det m.a. budsjettert med kr 35 000,- i kjøp av premiar, i tillegg til noko diverse kostnader.

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. – 47 500,-

FIS-renn

I samband med renna i Norgescup' en er det budsjettert at komiteen dekkjer reise- og opphold for hovudleiar og støtteapparat (3 personar ved kvart arrangement). Det er i tillegg budsjettert med eit honorar for hovudleiar. Det er også budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa.

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. – 120 000,-

Krinslag

På krinslaget er det budsjettert med kr. 350 000,- i årskontingent (krinslagskontingent), same nivå som rekneskapstala for 2014 viser.

Vidare er det m.a. budsjettert med kr 125 000,- i kjøp av klede, kr. 40 000,- i reisekostnader og kr. 150 000,- i overnatting i samband med samlingar.

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. – 93 000,-.

Langrennskomiteen

Til møteverksemd i langrennskomiteen er det sett av kr. 8 400,-



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

LSV-huer

Det er budsjettet at evt. kjøp og sal av LSV-huer skal balansere.

GENERELL SLUTTKOMMENTAR

Adm. sitt framlegg til budsjett må reviderast 1. kvartal 2016.

I tillegg vil det mest truleg vere aktuelt med diverse avsetningar frå 2015 til 2016, m.a.o. må budsjettet oppdaterast når skikrinsstyret gjer endelig vedtak om evt. avsetningar.

Det blir lagt opp til at vedtak om evt. avsetningar skal gjerast i samband med styremøte i januar/februar 2016, når arbeidet med rekneskapen for 2015 er sluttført.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner rammene for budsjett 2016.

SAK 28 15-17

Team Veidekke Vest

Bakgrunn

Markedsarbeidet i Sogn og Fjordane knytt til Team Veidekke Vest (TVV) har vore svært utfordrande, og ein har så langt ikkje klart å få på plass markedsavtalar i høve til målsetjing.

Leiar i langrennskomiteen ynskjer at skikrinsstyret drøftar den regionale markedsstrategien knytt til TVV.

VEDTAK

Grunna leiar i langrennskomiteen sitt forfall til møtet vert saka utsett.

SAK 29 15-17

Ski i Skulen 2016

Bakgrunn

Ref. tidlegare drøftingar og arbeid vidarefører Sogn og Fjordane Skikrins prosjektet Ski i Skulen vinteren 2016.

Kort om prosjektet

Ski i skulen 2016 blir gjennomført med ei eller to klassar på mellomsteget ved utvalde skular. I lag med det lokale idrettslaget tilbyr ein 5 -6 skiøkter à 2-3 timer i perioden januar-mars.

Gjennom prosjektet får elevane tilbod om eit flott opplegg, både skifagleg og sosialt.

Økonomi

Gjennom prosjektet dekkjer skikrinsen transport av elevar og lærarar til nærmeste skianlegg, i tillegg dekkjer ein løn til instruktørar rekruttert frå det lokale idrettslaget eller skikrinsen.

Såleis er tilbodet kostnadsfritt for skulen.



NORGES
SKIFORBUND

SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Prosjekteigar

Det er Sogn og Fjordane Skikrins som eig prosjektet, men Sogn og Fjordane Fylkeskommune er saman med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane særar viktige økonomiske bidragsytarar.

Plan- og samfunnavdelinga i fylkeskommunen støttar prosjektet med kr. 100 000,- jf. utviklingsavtale, medan Sparebankstiftinga støttar prosjektet med kr. 50 000,- i 2016.

Føremål og målsetjing

Skikrinsen sitt føremål med prosjektet er å styrke tilbodet om fysisk aktivitet til elevane vinterstid, samt gje dei positive opplevingar, skiglede og- dugleik som dei kan ta med seg inn i vaksenlivet.

For skikrinsen er det spesielt viktig at prosjektet vert gjennomført i grunnskulen, som gjev tilbodet til alle elevane uavhengig av foreldra/føresette sin sosioøkonomiske status.

Målsetjing med prosjektet;

- skape ei god skiplæring i grunnskulen, der skiglede i snø er eit sentralt moment
- bidra til auka fysisk aktivitet blant born og ungdom gjennom aktivitet vinterstid
- innføring i grunnleggande ferdigheiter innan vinterfriluftsliv

Organisering og gjennomføring

Følgjande skular og idrettslag har fått tilbod om deltagning i 2016:

- Gaupne skule – IL Bjørn
- Flatbygdi skule – Vik IL
- Breim skule – Breimsbygda IL
- Flatene skule – Førde IL
- Tonning skule – Markane IL
- Nordfjordeid skule – Eid IL
- Trudvang skule – Sogndal IL
- Leikanger Barneskule – Syril IL
- Sunde skule – Førde IL
- Haugen skule – Haugen IL
- Sagatun skule – Balestrand IL
- Dingemoen skule – Dale IL

Distansekort på nett

Skikrinsen set krav om at alle elevar som deltek i prosjektet registrerar sin skiaktivitet gjennom distansekart på nett.

Meir informasjon om denne ordninga finn ein på Norges Skiforbund sine nettsider;

<http://www.skiforbundet.no/barn-og-skiidrett/distansekort-pa-nett/>

Instruktørar

Til liks med fjoråret får skulen moglegheit til å nytte eigne lærarar som instruktørar. Føresetnaden er at aktuelle lærar har naudsynt skifagleg kompetanse.

Elles vil ein kunne rekruttere instruktørar frå det lokale idrettslaget eller skikrinsen.

Skikrinsen syter for utbetaling av lønn (kr. 500,- pr. økt) og evt. reisekostnader for instruktørane.

Skular som rekrutterar instruktørar frå eige personale vil få overført same beløp.

Primært ynskjer ein at det skal vere faste instruktørar, og det bør ikkje vere meir enn 20 elevar pr. instruktør.

Timetal/ gjennomføring

I prosjektet legg ein opp til 2 timer aktivitet pr. veke frå januar og fram til vinterferien. Inklusiv tidsbruk med transport brukar ein då ca. 1 x 3 skuletimar pr. veke.

Innhald

Skiaktivitet på flate

- lære grunnleggande ferdigheiter knytt til klassisk skiteknikk, langrenn
- lære ferdigheiter knytt til friteknikk, langrenn

Skiaktivitet i bakke

- grunnleggande svingteknikk
- grunnleggande hoppteknikk
- tilegne seg god balanse og generell skiferdigheit i nedoverbakke
- det er ei målsetjing (der det er naturleg) at minimum ei økt skal vere i ein alpinbakke

Å klare seg ute vinterstid

- lære å tenne, bevare og kose seg rundt eit bål vinterstid
- lære påkledning vinterstid (kulde, sveitte etc.)

Informasjon

Før prosjektet tek til tilbyr ein å komme til skulen for å informere aktuelle lærarar og elevar.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 30 15-17

Vårmøtet 2016

Bakgrunn

Skikrinsstyret fastset tid og stad for Vårmøtet 2016.

Vidare fremmar adm. forslag om at Skikrinsstyret skal drøfte innhald på Vårmøtet sin fellesdel, samt aktuelle foredragshaldarar.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at følgjande personar kan vere aktuelle som innleiarar på Vårmøtet sin fellesdel:

- Aleksander Stöckl
- Asgeir Moberg
- Håvard Tjørhom
- Marius Arnesen
- Øyvind Sandbakk

Aktuell dato for Vårmøtet 2016 er torsdag 09. juni 2016.

SAK 31 15-17

Fakkelmarkering i Stryn

Bakgrunn

21 norske byar skal vere vertskap for OL-elden på veg til Ungdoms-OL, og alle idrettskrinsane i landet skal lage sine olympiske markeringar.

I høve til programmet for fakkelturneen vert det fakkelmarkering i Stryn 22. januar 2016.

Leiar fremmar forslag om at Skikrinsstyret skal drøfte eventuelt, og korleis Sogn og Fjordane Skikrins skal markere seg når fakkelturneen kjem til Stryn.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at adm. tek kontakt med arrangøren for å avklare evt. medverknad frå skikrinsen si side.

Ein skal vidare arbeide for at utøvarar frå Sogn og Fjordane Skikrins sine «krinslag» skal vere tilstades i samband med markeringa.

Adm. sender ut info. skriv/ innbyding til aktuelle utøvarar.

SAK 32 15-17

Handlingsplan 2015-2015

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins arbeider med utgangspunkt i Strategiplanen 2013-2017. Planen vart vedteken i samband med Skikrinstinget på Skei i 2013, og planen er den organiserte skiidretten i Sogn og Fjordane sitt skipolitiske dokument.

Planen er seinare revidert i samband med Skikrinstinget i 2015.

Dette dokumentet dannar grunnlaget for Skikrinsstyret og greinkomiteane sine årlege handlingsplanar.

Summen av dei årlege handlingsplanane i heile strategiperioden skal gje oss størst mogleg grad av måloppnåelse. Dette skal hjelpe oss å til å skape ein endå betre aktivitet i klubb og krins.



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Sogn og Fjordane Skikrins sin Strategiplan 2013-2017 finn ein vedlagt.

Greinkomiteane sine førebelse handlingsplanar for 2015-2016 finn ein også vedlagt.

I det vidare planarbeidet er det naturleg at ein drøftar komitène sine tiltak innanfor dei ulike innsatsområda, og at ein oppdaterar planen med Skikrinsstyret sine aktuelle tiltak.

VEDTAK

Skikrinsstyret vedtek handlingsplanen slik den føreligg med endringar i drøfta i møtet.

I samband med handsaminga av handlingsplanen drøfta Skikrinsstyret moglegheitene for evt. å tilsette fleire trenarressursar i skikrinsen. Dette med bakgrunn i dei gode erfaringane frå tilsetjinga av Even Hole som krinstrenar i alpint.

SAK 33 15-17

Kartlegging universell utforming

Bakgrunn

Fylkeskommunen har hausten 2015 gjennomført ei kartlegging av tilkomst for personar med nedsett funksjonsevne til badeplassar, turstiar ved skisenter, parkering, varmestove og sanitæranlegg.

Det har vore representant frå skikrinsen ved nesten alle synfaringane ved aktuelle skisenter.

Kommune- og sluttrapport er vedlagt.

Eit av måla med kartleggingsprosjektet er å styrke skisentra sin kompetanse og tenking vedr. tilkomst og universell utforming for personar med nedsett rørsleevne.

Kartlegginga har vist at det er få anlegg/ friluftslivområder som er godt tilrettelagt med universell utforming, og at mange område har stort potensiale for forbedring. Ved å gjere små endringar som merking av HC-parkering, flate ut tilkomst til anlegg, få vekk tersklar til bygg, tilpassa toalett og bygging av rampe så vil fleire av kommunane kunne tilby friluftsområde som er tilgjengelege for alle.

Kartlegging av skianlegg utanom vintersesong gjev eit noko dårleg bilet av korleis anlegga fungerar i den sesongen det er tenkt for. Mykje endrar seg når snøen har lagt seg. Kartlegginga avdekkja at delar av anlegga kan gjerast meir tilgjengelege ved at dei som brøyter/ preparerer anlegget, må tenkje på at dei ikkje må lage for bratte overgangar mellom parkering- og utfartsområde.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

ORIENTERINGSSAKER

SAK 34 15-17

Status prosjekt «krinstrenar alpint» v/ Even Hole **Bakgrunn**

Ref. vedtak i Sak 07 15-17.

Krinstrenar i alpint, Even Hole, orienterte Skikrinsstyret om sitt arbeid i Sogn og Fjordane Skikrins på følgjande punkt;

- Fjord1 samlingar barmark
- sportsleg opplegg
- samlingsstadane (Sandane, Førde, Jølster)
- sportsleg nivå/ utvikling
- opplegg vinter 2016, sonetreningsar
- utvikling av klubbtrenerkompetanse

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at ein i samband med neste møte i Skikrinsstyret skal invitere hovudtrenarane i langrenn og hopp for å orientere om aktiviteten i respektive greiner.

SAK 35 15-17

Status markedsarbeid i SFSK

Bakgrunn

Mange av skikrinsen sine samarbeidsavtalar har vore til reforhandling siste året.

Adm. presenterte status i markedsarbeidet til skikrinsen p.t.

Verksemد	Grein	Går ut	Status
Fylkeskommunen	AU/Ski i Skulen	2016	Avtalen er reforhandla t.o.m. 2016. Økonomisk nivå er same som tidlegare. Ny avtale er signert i august 2015.
Skei Hotell	AU	2015	Avtalen er reforhandla for sesongen 2015-2016. Ny avtale er signert i august.
Skiing Norway, Hotel Alexandra	AU	2017	Avtalen er fakturert NSF nov. 2015.
Skiing Norway, Skogstad Sport AS	AU	2018	Avtalen er fakturert NSF nov. 2015.
Skogstad Sport AS	AU		Avtalen er under forhandling, men er p.t. ikke signert.

Verksemد	Grein	Går ut	Status
AVIS Bilutleige	AU	2018	Avtalen er forhandla, og er klar til signering i desember 2015
ByggTeam AS	Langrenn	2018	Avtalen er reforhandla t.o.m. våren 2018. Økonomisk nivå er same som tidlegare. Ny avtale er signert august 2015.
Sparebanken S. og Fj	Langrenn	2017	Avtalen vart reforhandla og signert vinteren 2015. Avtalen strekker seg t.o.m. 31.12.2017. Økonomisk nivå er same som tidlegare.
G-Sport/ Erdal Sport AS	Langrenn	2017	Ny to-årig avtale er signert november 2015. Utstyrssavtale.
SFE	Hopp/ langrenn	2016	Prosess om evt. ny avtale vert starta vinteren 2016.
COOP Vest SA	Alpint	2016	Prosess om evt. ny avtale vert starta vinteren 2016.
Frydenbø	Alpint	2017	Ny to-årig avtale er signert våren 2015. Økonomisk nivå er same som tidlegare.
Fjord1	Alpint	2018	Avtalen er reforhandla for 3 nye år og signert i september 2015. Økonomisk nivå er same som tidlegare.
Sparebanken Vest	Alpint	2018	Ny avtale signert oktober 2015.
Toyota Nordfjord	AU		

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 36 15-17**Ski- og snøsamlingar for funksjonshemma 2016****Bakgrunn**

Nettverksperson i integrering i Sogn og Fjordane Skikrins, Asle Sande, har saman med adm. sjef planlagt ski- og snøsamling for funksjonshemma slik vinteren 2016:

- Breimsbygd Skisenter, 10. februar 2015
- Sogn Skisenter, 11. februar 2015

Tiltaka vert gjennomført i samarbeid med NAV Hjelpemiddelsentralen, samt diverse hjelpemiddelfirma.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 37 15-17**Tilhengar Sogn og Fjordane Skikrins****Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins har gjort avtale om å kjøpe ein ny skåphengar av ByggTeam AS i Førde.

Prisen på hengaren er kr. 5 000,- (inkl. mva.), og dei vitale måla er 300cm x 145cm.

Planen er å setje opp hengaren med logomarkering knytt til alle skikrinsen sine sponsorar og at hengaren skal kunne nyttast av alle greinkomitèar.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at hengaren skal setjast opp med logomarkering frå Sogn og Fjordane Skikrins samt eksisterande sponsorar.

I tillegg legg ein opp til å selje logomarkering framme og bak på hengaren til kr. 10 000,- pr merke/ logo.

EVENTUELTT

Neste møte i Skikrinsstyret: Skei, Thon Jølster Hotell, 10. februar 2016.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Inge Fænn (s)
Leiar

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Vedlegg SAK 42 15-17 Protokoll fra møte nr. 03 15-17 i Skikrinsstyret

Skikrinsstyret @

Sakshand.: YT/IF

Dato: 29.01.2016

Arkivk.: styret/møter/protokoll/15-17

PROTOKOLL MØTE NR. 03 I SKIKRINSSTYRET, 2015-2017

Stad Skei, Thon Jølster Hotell
Tidspunkt: Onsdag 27. januar 2016, kl. 17.00-21.00

Sakliste

REFERATSAKER

- SAK 38 15-17** Godkjennning av innkalling og sakliste
SAK 39 15-17 Godkjennning av protokoll nr. 02 15-17 fra møte i Skikrinsstyret
SAK 40 15-17 SFSK AK protokoll nr. 03 15-17

RAPPORTERING

- SAK 41 15-17** Rekneskapsrapport pr. 31.12.2015

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

- SAK 42 15-17** Skipolitisk Dokument, Norges Skiforbund
SAK 43 15-17 Handlingsplan, Sogn og Fjordane idrettskrins
SAK 44 15-17 Idrettskrinstinget, val av utsendingar
SAK 45 15-17 Snøproduksjon – kostnader straum
SAK 46 15-17 Snøproduksjon – anleggssituasjonen i vinter
SAK 47 15-17 Søknad om programsatingsmidlar til rulleskianlegg 2016
SAK 48 15-17 Tilsetjing av trenarressursar i skikrinsen
SAK 49 15-17 Handlingsplan – arbeidsfordeling
SAK 50 15-17 Bankkonto Heidersteikn

ORIENTERINGSSAKER

- SAK 51 15-17** Resultat frå Norges Skiforbund si klubbundersøking

EVENTUELTT

TILSTADES: Inge Fænn, Finn Årdal, Reidun Hegrenes Hallvard Nygård, Atle Hamar, Arthur Hegrenes, Gunnar Fannemel og Yngve Thorsen (adm.).

FORFALL: Asle Sande

MERKNADER:

REFERENT: Yngve Thorsen

REFERATSAKER

SAK 38 15-17

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 39 15-17

Godkjenning av protokoll nr. 02 15-17 fra møte i Skikrinsstyret

Bakgrunn

Protokoll fra styremøte nr. 02 13-15 er sendt ut på førehand.

Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 02 15-17.

SAK 40 15-17

SFSK AK protokoll nr. 03 15-17

Bakgrunn

Protokoll fra møte nr. 03 15-17 i alpinkomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

RAPPORTERING

SAK 41 15-17

Rekneskapsrapport pr. 31.12.2015

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 31.12.2015 er utsendt på førehand.

Adm. la fram rapporten.

Prognosar nøkkeltal for Sogn og Fjordane Skikrins (pr. 31.12.2015)

- Stipulert resultat AU/ ADM: kr **– 89 904,-**
- Stipulert resultat alpinkomiteen: kr 50 000,- (etter evt. avsetning).
- Stipulert resultat hopp- og kombinertkomiteen: kr. 20 000,-
- Stipulert resultat langrennskomiteen: kr. 65 000,-
- Stipulert resultat totalt: kr. 45 000,-
- Driftsinntekter totalt: kr 3 749 195
- Driftskostnader totalt: kr 3 583 876,-



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Ein skal elles merke seg at det negative resultatet på avdelinga AU/ adm. er knytt til eit «overforbruk» av økonomiske midlar i samband med Skikrinstinget. På dette prosjektet har ein brukt ca. kr. 50 000,- meir enn budsjettet (utdeling av heidersteikn, trykking av årsmelding, og overnatting til styret og gjester). Vidare er alle kostnader med ny representasjonsbekledning ført på styret/ adm. Dette gjeld også greinkomiteane sine klede.

Adm. tek atterhald om mindre justeringar i talgrunnlaget med bakgrunn i at rekneskapen for 2015 ikkje er ferdigstilt p.t.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at alpinkomiteen kan gjere ei avsetning på kr. 75 000,- frå 2015-2016. Avsetninga er knytt til vidare drift av prosjekt «*Krinstrenar Alpint*».

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 42 15-17

Skipolitisk Dokument, Norges Skiforbund

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins er tilsendt høyringsframlegg til Skipolitisk Dokument for perioden 2016-2020 (vedlagt).

Som hjelpemiddel til handsaming av dokumentet finn ein presentasjon som gjev ein oversikt over dokumentet.

I samband med Sak 51 15-17 så finn ein også resultat frå Norges Skiforbund si klubbundersøking for Sogn og Fjordane Skikrins. Resultata frå klubbundersøkinga, kan leggast til grunn ved vurdering om framlegg til mål for kommande periode, er dekkande for dei utfordringar og ynskjer laga har gjeve tilbakemelding på.

Høyringsfristen er sett til 10. februar 2016.

VEDTAK

Skikrinsstyret er av den oppfatning at Norges Skiforbund har lagt opp til faglege og politiske interessante rammer for Skipolitisk Dokument kommande planperiode.

Det faglege (LTAD-modellen/ SUM) og empiriske (klubbundersøkinga) grunnlaget for dokumentet er basert på grundig og godt arbeid av dei ulike arbeidsgruppene.

Med bakgrunn i Klubbundersøkinga presiserar Skikrinsstyret at rolla til Skikretsane bør styrkast ytterlegare i organisasjonen. Jamfør Klubbundersøkinga går det klart fram at Skikretsane har ei særdeles viktig rolle i høve til laga, og laga er på si side (jamt over) svært godt nøgde med korleis Skikretsane løyser sine oppgåver på alle områder.

Ein ser det vidare som viktig at ein på forbundsplan også startar ein prosess knytt til større grad av samordning av terminlistene mellom skiforbundet og skiskyttarforbundet.



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Dette med bakgrunn i årvisse kollisjonar mellom langrenn si nasjonale KM helg, og skiskyttarane sine regionale meisterskap (begge desse arrangementa er datostyrt av respektive forbund).

Desse kollisjonane medfører at ein misser relativt mange aktuelle utøvarar til begge arrangementa. For Sogn og Fjordane Skikrins sin del medfører kollisjonen eit redusert deltakartal på KM i langrenn, stipulert til ca. 50 utøvarar.

Endeleg innspel til dokumentet vert med bakgrunn i drøftingar og Skikrinsstyret sine presiseringar utarbeida av styreleiar i samarbeid med adm.

SAK 43 15-17

Handlingsplan, Sogn og Fjordane idrettskrins

Bakgrunn

Idrettskrinstinget 2016 vert avvikla i Florø 09. april. I samband med tinget skal ein vedta Handlingsplan 2016-2020 for idretten i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane idrettskrins ynskjer innspel frå m.a. særkrinsane i utforming av planen. M.a. ynskjer ein innspel på innhald, prioriteringar, mål og/ eller delmål på innsatsområde. Ein har dessverre svært kort frist på høyringa, og idrettskrinsen må ha aktuelle innspel i hende seinast fredag 29. januar 2016.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak i saka:

Skikrinsstyret viser til tilsendt framlegg til Handlingsplan for perioden 2016-2020, samt det gjeldande handlingsprogrammet for perioden 2014-2016.

I samband med Idrettskrinstinget i førre periode vart det vedteke, etter m.a. sterke signal frå tinget at den klart viktigaste oppgåva for idrettskrinsen var å betre dei økonomiske rammevilkåra for idretten i Sogn og Fjordane. Skikrinstyret er fortsatt av den oppfatning at dette må bli sett på som det viktigaste området også i ny handlingsplan.

Noko av bakrunnen for ei slik prioritering er m.a. knytt til at ein, over tid, har sett ei negativ utvikling i høve til økonomiske ressursar m.o.t. tilrettelegging og utvikling av aktiviteten i fylket. Dette omhandlar m.a. at ein samla, på krinsplan, ser ein nedgang i stillingsprosentane i særkrinsane.

Vidare opplever ein at ulike rammeoverføringer sjeldan eller aldri vert indeksregulerte. På den måten er det ein reell nedgang i ei tid då ein veit at pengestraumen til idretten sitt sentraledd har auka monnaleg. Idrettskrinsen må difor i større grad arbeide aktivt for at krets-/ regionalledda i idretten får ta større del i desse sentrale ressursane.

For særkrinsane er det viktigare med betra økonomiske rammevilkår for å utvikle kjerneaktiviteten, framfor fellesfaglege tiltak,



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

som på den andre sida indirekte går ut over dei økonomiske vilkåra i krets/ regionalledda sin kjerneaktivitet.

Det er vidare grunn til bekymring når ein ser utviklinga på Idrettens Hus, og nedbygginga som har skjedd der dei siste åra. Idrettens Hus skal vere eit tungt fagmiljø for idretten i fylket, men no er fagmiljøet i ferd med å forvitre, m.a. med bakgrunn i særdeles därlege økonomiske rammevilkår for mange små og store særidrettar.

Ein meiner difor at det i programmet må komme fram ei tydlegare prioritering i kapittel nummer 6 «*Prioriteringar*», og ein føreslår at ein i dette kapittelet legg opp til følgjande prioritering:

- 1) Gode rammevilkår for idretten i fylket
- 2) Sterke utviklings- og kompetansemiljø for unge utøvarar
- 3) Engasjere fleire kvinner og unge trenar- og leiarroller
- 4) Eit idrettstilbod som femnar ungdom sine ynskje
- 5) Ein kunnskaps- og verdibasert idrett som speglar mangfaldet i samfunnet

Ein er vidare av den oppfatning at anleggsutvikling er og skal vere eit viktig fokusområde for idretten i fylket. Og ein registrerer i handlingsplanen at idrettskrinsstyret m.a. skal opprette eit eige anleggsutval for å styrke utvikling og samhandling innanfor anleggsområdet.

Skikrinsstyret tykkjer at denne tilnærminga er interessant, men ser det likevel som viktig at ein i det vidare arbeidet er tydlege på følgjande;

- mandat
- forankring
- samansetjing

SAK 44 15-17

Idrettskrinstinget, val av utsendingar

Bakgrunn

Idrettskrinstinget 2016 vert avvikla i Florø 09. april.

I høve til vedtak i Sak 10 i samband med Skikrinstinget 2015, har Skikrinstinget gjeve styret fullmakt til å velje representantar og delegatar til alle forbund- og krinsting i perioden.

Det er i tillegg planlagt fagseminar i Florø 08. april.

Sogn og Fjordane Skikrins kan stille med 5 representantar på idrettskrinstinget.

Idrettskrinsstyret minner om NIF si lov 2-4 (Kjønnsfordeling) der det m.a. heiter:

Ved val/oppnemning av representantar til årsmøte/ting samt medlemmer til styre, råd og utval i NIF og NIF sine organisasjonsledd, skal det veljast kandidatar/representantar frå begge kjønn.

Samansettingen skal vere høvesvis i samsvar med kjønnsfordelinga i medlemsmassen, likevel slik at det skal vere minst to representantar frå kvart kjønn i styre, råd og utval mv. med meir enn 3 medlemmer.

I styre, råd og utval mv. som har 2 eller 3 medlemmer, skal begge kjønn vere representert.

Varamedlemmer tel ikkje med ved utrekning av kjønnsfordelinga.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande representasjon i samband med Idrettskrinstinget 2016; Inge Fænn, Hallvard Nygård, Hege Venes, Åsa Lerum og Gunnar Fannemel. Vara: Finn Årdal og Reidun Bergheim.

SAK 45 15-17

Snøproduksjon – kostnader straum

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins har fått innspel frå Langeland Skisenter å vurdere om ein som overordna organisasjonsledd, bør legge grunnlag for eit arbeid retta mot aktuelle straumleverandørar i Sogn og Fjordane. Føremålet med innspelet er å arbeide for reduserte straumkostnader knytt til produksjon av snø.

Anlegga i fylket som produserar snø vert avrekna etter ein «industritariff», med ein eigen nettariff for den toppbelastninga anlegget har hatt ila. av ein time i kvar enkelt månad. Denne utgjer ca. kr. 15 000,- inkl. mva for kvar oppstart/ månad.

Jf. opplysningar som skikrinsen har fått tilsendt har Langeland Skisenter, Jølster Skisenter og Sunnfjord Skisenter alle same tariffen. Og mest truleg har dei andre skianlegg med snøproduksjonsanlegg same belastninga.

Med bakgrunn i utgreiing ber adm. Skikrinsstyret ta stilling til om skikrinsen bør legge til rette for eit arbeid, der målet er å arbeide fram reduserte straumkostnader ved produksjon av snø.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å kartlegge dagens situasjon blant anlegga i fylket som har snøproduksjon. Utarbeida dokumentasjon skal leggast fram og drøftast i samband med skikrinsen sitt arrangør- og anleggsseminar våren 2016.

Halvard Nygård og Arthur Hegrenes følgjer opp saka saman med adm.

SAK 46 15-17

Snøproduksjon – anleggssituasjonen i vinter

Bakgrunn

I Sogn og Fjordane har ein relativt mange skianlegg med anlegg for snøproduksjon. Av anlegg som har snøproduksjon kan ein m.a. nemne Sogn Skisenter, Jølster Skisenter, Sunnfjord Skisenter, Langeland Skisenter, Ullsheim Skisenter, Harpefossen Skisenter og Stryn Skisenter. Dei fleste av desse har fått spelemidlar til realisering av snøproduksjonsanlegg.



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Snøsituasjonen i fylket er ofte usikker, og spesielt tidleg i sesongen er det viktig at anlegga med snøproduksjon nyttar kuldeperiodane til å få lagt snø.

Denne sesongen viser det seg at fleire av dei nemnde anlegga, av ulike grunnar, ikkje har fått produsert nok snø. Sjølv om ein har hatt relativt lange periodar med gode produksjonstilhøve.

Bakgrunnen for utfordringane viser seg å vere knytt til tekniske vanskar som følgje av at anlegget ikkje har vore «testkjørt» før sesongstart, manglande driftsorganisasjon, økonomiske utfordringar etc.

Leiar i alpinkomiteen, Atle Hamar, ber difor Skikrinsstyret vurdere aktuelle strategiar/ tiltak som kan setjast i verk for å betre situasjonen for aktuelle anlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at Sogn og Fjordane Skikrins skal legge til rette for eit regionalt arrangør- og anleggseminar med fokus på snøproduksjon. Seminaret skal avviklast våren 2016.

Leiar i anleggskomiteen følgjer opp vedtaket saman med adm.

SAK 47 15-17

Søknad om programsatsingsmidlar til rulleskianlegg 2016

Bakgrunn

Tal rulleskibrukarar vert stadig fleire og stadig yngre. Gjennom øyremerkning av midlar til utvalte rulleskianlegg gjennom Kulturdepartementet (KUD) sitt anleggspolitiske program, signaliserast det eit ynskje frå staten om å bidra til tilrettelegging for rulleskiaktivitet i trygge former. KUD har difor lyst ut 28 millionar til fordeling til rulleskiprosjekt i perioden 2014-2017.

KUD henstiller til at Norges Skiforbund (NSF) og Norges Skiskyttarforbund (NSSF) samarbeidar om innstilling av kandidatar til desse ekstraordinære midlane.

For 2014 og 2015 har forbunda med bakgrunn i kriteria under, foretatt innstilling. I 2015 vart sju ulike anlegg tildelt tilsaman kr. 8,2 mill. Blant desse sju anlegga fekk m.a. Langeland Skisenter tilsagn om ca. kr. 2,2 mill.

Begge forbund gjennomfører felles utlysning, og laga vert oppmoda til å rette sin søknad til respektiv krets. På bakgrunn av kretsane si innstilling vil forbunda gjøre innstilling som vert oversendt KUD.

Det vert presisert at det er KUD som tek den endelege avgjersla når det gjeld tildeling til konkrete prosjekt.

NSF meldte i 2014 inn ei samla oversikt over eksisterande og planlagde rulleskianlegg til KUD. Denne er no samanfatta med NSSF sin oversikt, og viser med tydlegheit at det er mange gode krefter i så godt som alle kretsar som arbeider for sikker rulleskiferdsel.



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Krav og kriterie

Kandidatane innstilla på bakgrunn av kriterie som KUD har meddelt:

- Det rettast eigen søknad 1-2 sider til skikrets- eller skiskyttarkrets, der prosjektet kort vert beskrive i høve til:
 - namn på tiltak og anleggsnummer
 - føremål
 - eigarskap og rett til bruk av grunn
 - beskrivelse av tiltak
 - tidsplan
 - finansiering
 - søknadsbeløp
 - informasjon om ordinær spelemiddelsøknad
 - anlegget sin plass i kommunale planar

I tillegg sender ein følgjande vedlegg med søknaden:

- oppdatert kostnadsoverslag og finaniseringsplan
- idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning
- Utbetaling av midlar kan først skje når ein søknad om ordinære spelemidlar er funne formelt i orden i fylkeskommunen. Det må difor sendast ein ordinær spelemiddelsøknad, i tillegg til søknad om midlar frå det anleggspolitiske programmet. Her må det m.a. presiserast om kvar ein er i prosessen med den ordinære spelemiddelsøknaden.
- Samla statleg tilskot kan ikkje overstige 50% av godkjente tilskotsberettigta kostnader i prosjektet.
- I 2016 er det presisert at det kun er kostnader som direkte omhandlar sjølve rulleskitraseen, standplass og evt. tilliggande asfaltert flate (for teknisk trening/ opplæring) som kan leggast til grunn i budsjettet for tildeling av midlar.
- I vurdering av søknadane vil ein prioritere planar som er realiserbare i nær framtid (fortrinnsvis innanfor tildelingsåret)
- Anleggsetablering i nærleiken av befolkningstette område vert prioritert
- Ved utforming av løypeprofil må ein påsjå at denne også skal vere tilpassa born og breiddeaktivitet.
- Det er ynskjeleg at rulleskianlegg innrettast med standplass for skiskyting

Lag med medlemskap i NSF eller NSSF og kommunar kan søkje. Søkjar må vere eigar av anlegget det vert søkt om midlar til.

Søknadsfrist er 15. januar 2016, og kretsane skal sende si innstilling til respektive forbund innan 31. januar 2016.

I denne runden har Sogndal Skisenter søkt om kr. 1,3 mill. i programsatsingsmidlar. Dette er einaste søker i Sogn og Fjordane i 2016.

Forøvrig skal ein vere merksam på at Sogn og Fjordane Skiskytarkrins kan ha motteke søknader som skikrinsen ikkje har oversikt over.

Søknaden til Sogndal Skisenter er vedlagt.

I Sogn og Fjordane Skikrins sin Anleggsplan 2013-2017 er rulleskiløype i Sogndal Skisenter prioritert som nummer 2 i handlingsprogrammet kap. 5.3. Sogn Skisenter (Heggmyrane) er prioritert som nummer 1.

Skikrinsstyret må vere merksame på at prioriteringane er endra etter at Langeland Skisenter fekk tilsagn om programsatsingsmidlar sommaren 2015. Dvs. at Langeland Skisenter no er ute av prioriteringslista som følgje av tilsagnet, og at Sogn Skisenter automatisk rykkjer opp frå 2. til 1. prioritet, medan Sogndal Skisenter rykkjer opp frå 3. til 2. prioritet.

VEDTAK

Med bakgrunn i gjeldande anleggsplan og innkomne søknader gjer Skikrinsstyret vedtak om at Sogndal Skisenter vert innstilt til programsatsingsmidlar i 2016.

Innstilling og søknad vert oversendt NSF innan fristen 31. januar 2016.

SAK 48 15-17

Tilsetjing av trenarressursar i skikrinsen

Bakgrunn

Viser til vedtak i Sak 32 15-17 Handlingsplan 2015-2016:

I samband med handsaminga av handlingsplanen drøfta Skikrinsstyret moglegheitene for evt. å tilsette fleire trenarressursar i skikrinsen. Dette med bakgrunn i dei gode erfaringane frå tilsetjinga av Even Hole som krinstrenar i alpint.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at langrennskomiteen skal følgje opp saka i samband med neste møte i komiteen.

Arthur Hegrenes utgreiar saka i lag med adm.

SAK 49 15-17

Handlingsplan – arbeidsfordeling

Bakgrunn

Nestleiar i Skikrinsstyret, Finn Årdal, fremmar forslag om at det må gjerast eit arbeid der det kjem fram ei tydlegare arbeidsfordeling knytt til tiltak i skikrinsen sin Handlingsplan 2015-2016.

M.o.t. oppfølging og gjennomføring av tiltaka i handlingsplanen vil det mest truleg forenkle arbeidet om ansvaret vert på personnivå, og ikkje kun på komité- og styrenivå.



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å legge til rette for eit felles styre- og komitémøte våren 2016. Tema for møte skal m.a. vere prosess knytt til arbeidsfordeling i Skikrinsstyret og komitéane.

Styreleiar følgjer opp saka saman med adm.

SAK 50 15-17

Bankkonto Heidersteikn

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sitt banksamband er i dag knytt til Sparebanken Sogn og Fjordane. I tillegg har skikrinsen ein bankkonti i Sparebanken Vest knytt til eit Heidersteiknfond i «gamle» Fjordane Skikrins.

I samband med saka fremmar leiar forslag om at Sogn og Fjordane Skikrins skal overføre eit beløp frå skikrinsen sine ordinære konti i Sparebanken Sogn og Fjordane til Heidersteiknfondet i Sparebanken Vest.

Fondet skal vidare nyttast til å ivareta Sogn og Fjordane Skikrins sitt arbeid med Heidersteikn framover.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at kontoen i Sparebanken Vest skal slettast, og saldoen skal deretter overførast til Sogn og Fjordane Skikrins sin konto i Sparebanken Sogn og Fjordane.

Det skal vidare opprettast eit eige prosjekt i skikrinsen sitt budsjett og rekneskap der midlane vert overført til.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 51 15-17

Resultat frå Norges Skiforbund si klubbundersøking

Bakgrunn

Norges Skiforbund si klubbundersøking vart sendt ut til alle lag i haust. Bakgrunnen for undersøkinga er knytt til utarbeiding av nytt Skipolitisk Dokument 2016-2020.

Forhåpentlegvis skal svara i klubbundersøkinga gje NSF ei god oversikt, og ein peikepinn på kva val og strategiar som skal leggast til grunn når nytt Skipolitisk Dokument skal utformast.

Spørsmåla i undersøkinga dekker mange kategoriar, t.d. økonomi, anlegg, organisasjon, kompetanse, aktivitet, fråfall m.m.

Oppsummering og resultat frå svara til laga i Sogn og Fjordane finn ein vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

EVENTUELTT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Inge Fænn (s)
Leiar

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef